

---

**Fra:** Lene Mari Vikebo <lene.m.vikebo@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 1. november 2018 14.51  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** Ref forslag til endringar i grunnskulen

Hei,

Registrerer at det er kome forslag om å flytte på klassetrinn og SFO på skulane i Meland. Dette grunna utfordrande økonomi i kommunen framover. Med dette i bakhovudet, korleis i alle dagar skal de då kunne planleggje å bygge ei ny kyrkje? Den kyrkja me har i dag er ikkje akkurat godt besøkt, anna enn julafta. Behovet for ei ny kyrkje er soleis totalt fråverande. Å behalde skulane sånn som dei er derimot burde vere ei prioritering. Eg har inga tru på at det er til ungane sitt beste å verte køyrde frå Rossland til Vestbygd kvar dag etter skulen for å gå på SFO, og å flytte 5-7. klasse til Rossland gir null meining. Iallemfall når ein då I TILLEGG vil legge ned ungdomsskulen på Rossland! Skal då ungane på Vestbygd verte tvungne til å byte skule heile 3 gonger i løpet av grunnskulen? Det vert meir og meir tydeleg at alt som er meir enn 5 min køyring frå Frekhaug er eit "uønska stebarn" i kommunen sine auge, for for dei som bur rundt omkring på øya skal støtt og stadig nedprioritast, dei skal iallemfall ikkje brukast pengar på.

Dette bør de verkeleg skrinlegge.

Med helsing,

Lene Mari Vikebø Jacobsen